

Julehelsing frå ordføraren jula 2018.

23.12.2018



**Kjære Kvinnheringar! Julefreden er i ferd med å senka seg, og rundt oss ser vi snø på fjella og stjerner**

på himmelen.

**Det er ei vakker tid vi no går inn i. Ei tid der vi kjem saman med slekt og vener, gler oss over gåver og deler gode måltid. Det er viktig å vera tilstades og nyta augneblinka der vi for ei lita stund legg kvardagen til side.**

Året 2018 er i ferd med å ebba ut, og vi ser attende på eit år med mange positive hendingar i Kvinnherad. For meg som ordførar har det vore gildt å vera med på opning av store prosjekt, og eg vil trekka fram opninga av det nye Rosendalstunet, Opsangervegen og den nye vegen gjennom Lundsneset. Det er viktig at vegane er trygge å ferdast på, men det er også viktig at det er fint og triveleg rundt oss. Kvinnherad kommune vil i 2019 og i åra som kjem gjera meir for å løfta sentrumsområda og trygga vegane våre. Eit anna viktig prosjekt i det nye året vil vera realisering av ny idrettshall. Dette er eit prosjekt som vil komma heile kommunen til nytte, og eg ser fram mot ei realisering som vil vera særleg positiv for barn og unge.

For ein ordførar er det alltid stas å opna nye vegar og bygg, men det eg synes er aller mest stas med å vera ordførar, er møte med enkeltmenneska. Etter året som har gått sitt eg att med mange fine og sterke inntrykk etter møte med kvinnheringar i alle aldrar. Kvinnheringane er eit gildt og ope folkeslag, og eg vil takka dykk for at eg alltid blir tatt så godt i mot der eg ferdast. Som ordførar får ein vera med på både gleder og sorger, noko som sett djupe spor når eg no sjølv ser attende på året som har gått.

Spesielt inntrykk gjev det å møta menneske med sterkt engasjement for andre. Dette er unikt innan idretten. Hanne Larsen i TRIO er eit engasjert menneske som verkeleg har gjort inntrykk på meg. Saman med fleire andre står ho på, og legg ned tallause timer for barn og unge. Eg vil også trekka fram Svein Åge Vangdal og innsatsen han med fleire legg ned for idrettslaget Strand-Ulv. Arvid Næs er ein institusjon i Rosendalsidretten, og på Halsnøy er idrettslaget med Richard Erlandsen i spissen no i ferd med å reisa eit nytt, flott klubbhus. Valeparken, Erslandsparken og den nye aktivitetsparken i Uskedalen er døme på innsats frå menneske med engasjement for andre. Det er kjekt å sjå korleis aktive idrettslag gir levande bygder.

Det frivillige livet i Kvinnherad er rikt på alle område. Mange kvinnheringar engasjerer seg i tilrettelegging for friluftsliv gjennom Kvinnherad Turlag. Turlaget er ei samlande folkerørsle for heile kommunen, og feira i 2018 sitt 20-årsjubileum. Takk og til alle som gjennom bygdalag og velforeiningar står på og skapar samhald og trivnad i bygdene. Ei varm helsing vil eg senda til alle som arbeider frivillig for eldre både i lokalsamfunnet og på institusjon. Velferdssamfunnet er ikkje berre det offentlege, vi er heilt avhengige av dei frivillige for å kunna gje innbyggjarane den velferden dei fortener.

Eg vert bevega når eg møter menneske med utviklingshemming og deira nærmeste. Dette viser meg at mangfaldet blant oss er noko av det aller beste vi har. I januar vart eg invitert i 50-årsdag til Gro Natvik. Ho bur i bufellesskapen i Kaldanesvegen. Livsgleda og varmen som var i dette selskapet vil eg aldri gløyma, og eg ser attende på dette som eit av mine finaste minne frå 2018.

Fint er det også å vera på besøk på institusjonar der eldre er saman med sine nærmeste, og eg får sjå korleis familieband er sterke frå dei aller eldste til dei aller yngste. Det er også gledeleg å sjå det gode arbeidet som våre tilsette i omsorgstenestene legg ned for å gje sine pasientar ein god kvardag. I år vil eg trekka fram sjukepleiar Åshild Lygre ved Rosendalstunet, som på eiga fritid tok med seg bebuarar ved sjukeheimen på konsert i Baroniet. Vi er heldige som har slike medarbeidarar i Kvinnherad kommune.

Året 2018 gav mange gledesstunder. Takk til lokale krefter som arrangerer til dømes konsertar, revyar, jubileumsfestar, festivalar og meir til. Vi treng slike opplevelingar i kvardagen, og det er av stor verdi for oss alle at nokon stiller opp og skipar til eit høgt tal varierte arrangement. Takk også til alle som stiller opp som publikum. Det er ved å delta vi best kan takka dei som skipar til. Å støtta opp om lokale arrangement ved sjølv å delta er også eit viktig bidrag til at ein kan halda fram med slike. Eit godt døme og fint minne frå 2018 er Pink Floyd-prosjektet som vart arrangert i Kulturhuset Husnes, og som vi no kan gle oss over å få oppleva også neste år.

Juletida kjenner vi som ei tid for hygge og fellesskap. Mange opplever likevel at juletida er ei tid der kjensler som sakn, sorg og einsemd blir forsterka.

Nokon feirar jul der ein av stolane rundt bordet for første gong står tom. Eg tenker denne jula spesielt på dei som har mista sine kjære i ulukker eller kreftsjukdom.

Nokon vil vera einsame av ulike grunnar, og nokon kan oppleva sorg som følge av vanskar med rus eller økonomisk uføre. I denne tida tenker eg særleg på dykk. Eg ynskjer at alle som opplever juletida vanskeleg vil finna håp og trøyst.

Vi lever i ei tid der Kvinnheradsamfunnet er prega av optimisme og framtidstru. Arbeidsløysa er låg, og næringslivet melder om betre tider og gode framtidsutsikter. Dette gjev tryggleik for arbeidsplassar, hus og heim, og det skapar vilje til å satsa på ei framtid i Kvinnherad. Eg vil takka alle som tør å satsa, og som tek risiko for å skapa arbeid til seg sjølv og andre. Nye etableringar bidreg til fleire tilbod for alle som bur her. Dette er med på å skapa levande lokalsamfunn i heile Kvinnherad. Eg håpar 2019 vil bli eit godt år for alle som arbeider og driv næring i Kvinnherad.

Eg vil nytta høvet til å helsa alle som i julehelga er på arbeid og held samfunnet i gong når dei fleste får nytta lange og gode fridagar. Takk for at de stiller opp, slik at alle kan kjenna seg trygge på at helsevesen, beredskap og naudsynte tenester er tilgjengelege gjennom heile juletida.

Når vi no går inn i det nye året, går vi også inn i det siste året av denne valperioden. Eg vil takka for at eg har fått vera dykkar ordførar dei siste åra. Det har vore eit stort privilegium å få vera den øvste tillitsvalde i kommunen, og når veljarane i september neste år skal seja sitt, vil eg uansett utfall av det vera djupt takksam.

Lat oss saman gå inn i julehøgtida med påminning om at lyset som vart tent i Betlehem for over to tusen år sidan alltid vil skina for oss alle.

Eg ynskjer dykk alle ei strålande jul, og eit godt nytta år!

Helsing  
Peder Sjo Slettebø  
ordførar.

Nett: Thor Inge Døssland